

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 12.05.2022
SAKSHANDSAMAR: Helga Stautland Onarheim
SAKA GJELD: **Valstyre for Helse Fonna HF - suppleringsval**

STYRESAK: 35/22

STYREMØTE: 24.05.2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Det vert gjennomført suppleringsval til valstyret i Helse Fonna HF slik :

- Linda Gjelsten, (Fagforbundet)- leiar

Bakgrunn for saka

Føretaksregisteret tok 9. juni 2021 i mot melding om endring av styret frå Helse Fonna HF. Meldinga blei nekta registrert då det nye styret ikkje oppfylte krava for kjønnsrepresentasjon for styremedlemmar valt av og blant dei tilsette.

Styret har fire styremedlemmar som er valt av dei tilsette, og alle er kvinner.

Helse Fonna klaga over Brønnøysundregistra – Føretaksregisteret sitt vedtak om å ikkje godkjenne meldinga om nytt styre frå Helse Fonna HF.

Nærings- og fiskeridepartementet har behandla klagen frå Helse Fonna HF og har kome til at klaga ikkje kan bli teken til følgje.

Departementet si vurdering

Dersom helseføretaket oppfyller tersklane i forskrifta om kor stor del av dei tilsette som er av kvart kjønn, gjelder krava til kjønnsrepresentasjon i styret. Det er ingen heimel for å gjera unnatak frå krava om kjønnsrepresentasjon i styret og styret er difor ikkje valt i samsvar med reglane. Registermeldinga må difor avvisast. Nærings- og fiskeridepartementet opprettheld difor Føretaksregisterets nektingsvedtak av 28. juni 2021.

Vedtak

I medhald av lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av føretak § 9-1, jf. lov av 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker § 34, fattar departementet følgjande vedtak: Klaga blir ikkje teken til følgje. Nektingsvedtaket til Føretaksregisteret av 10. juni 2021 blir oppretthalde. Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd».

Status: Dette betyr at styret per i dag ikkje er lovleg sett saman når det gjeld tilsette sin representasjon - krav til kjønnsbalanse er ikkje oppfylt. Styresamansetninga må difor endrast slik at styret vert rett sett saman og kan registrerast i føretaksregisteret.

Etter forskrift til helseføretakslova sine bestemmelsar om dei tilsette sin rett til representasjon i regionale helseføretak og helseføretaka sine styrer (Forskrift av 15.11.2002 nr. 1287) § 8, 1. ledd, skal val av tilsette sin styrerepresentasjon leiast av eit valstyre. Valstyret vart oppnemnd av styret i Helse Fonna HF i møte 28. september 2020, sak 46/20 slik:

Leiar:	Arvid Storegerde
Nestleiar:	Finn Arve Åsbu
Medlem:	Velaug Kolbeinsen Frøyland

Etter forskrifta § 14, 3. ledd skal suppleringsval i valperioden leiast av det valstyret som fungerte ved sist ordinære val.

Valstyret skal jf. forskrifta § 8, 1. ledd 2. pkt., bestå av minst tre medlemmer med stemmerett ved valet. Arvid Storegerde som har vore leiar for valstyret, er ikkje lenger tilsett i Helse Fonna og har slik ikkje stemmerett ved valet, og kan heller ikkje vera medlem i valstyret. Medlem som ikkje kan fungera lenger, skal etter forskrifta § 8, 4. ledd erstattast snarast. Det

må difor gjennomførast suppleringsval til valstyret. Sidan Storgjerde var leiar for valstyret, må styret og peika ut ny leiar. Leiarvervet er på omgang, og det er arbeidstakarorganisasjon som har leiarvervet for dette valstyret.

Det er ei målsetting at styret si samansetting skal vera i samsvar med krav til kjønnsbalanse innan juni 2022.

Fagorganisasjonane har fått melding om suppleringsvalet og har gitt tilbakemelding om forslag til ny representant til valstyret.

Forslag til nytt medlem og leiar i valstyre for Helse Fonna HF er :

- Linda Gjelsten, (Fagforbundet)- leiar

Etter gjennomført suppleringsval i tråd med framlegg, vert samla valstyre for Helse Fonna HF slik:

- Linda Gjelsten, (Fagforbundet)- leiar (ny)
- Finn Arve Åsbu, avdelingsleiar HR – nestleiar
- Velaug Kolbeinsen Frøyland (NSF) - medlem